

3. APRIL 2018



# ÅRSRAPPORT 2017 TIL KUNNSKAPS-OG INTEGRERINGSDEPARTEMENTET

BARNEOMBODET

## Innhald

Innleing.....	2
Organisasjonskart .....	2
Nokre nøkkeltal .....	3
Førespurnader om barnehage- og skulemiljø .....	3
«Spør Barneombodet» på skuleområdet .....	3
Medieoppslag .....	4
Notat til Stortinget .....	5
Høyringsfråsegn .....	5
Arbeid med rett til utdanning i 2017 .....	6
1. Rettleiing i enkeltsaker .....	6
2. Påverkingsarbeid.....	6
3. Overvaking av om elevane sine rettar vart oppfylt. ....	7
4. Informasjon og foredrag .....	7
Særleg om «Utan mål og mening?» Barn med rett til spesialundervisning i grunnskolen .....	7


## Innleing

Dette er Barneombodet sin rapport for 2017 til Kunnskaps- og inkluderingsdepartementet. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne- og likestillingsdepartementet om verksemda i det føregående året.

Vi lagar o ein eigen rapport til Kunnskaps- og integreringsdepartementet for å gjere reie for midla vi får til arbeid med psykososialt skulemiljø og barnehage, sjølv om dette ikkje er noe vi er pålagt ved lov. Vi ynskjer likevel å vise fram det arbeidet vi gjer.

Det går fram av lov om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettane.

## Organisasjonskart



## Nokre nøkkeltal

### Førespurnader om barnehage- og skolemiljø

<b>Førespurnader om psykososialt barnehage- og skolemiljø</b>		
<b>Årstal</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Skriftlege førespurnader totalt om skule	324	381
Førespurnader om mobbing i grunnskulen	111	137
Førespurnader om mobbing i vidaregåande skule	0	5
Førespurnader om barnehagen total	21	23
Førespurnader om mobbing i barnehagen	3	2
Spørsmål på spør BO om skule og mobbing	519 (105 om berre mobbing)	502 (106 om berre mobbing)

### «Spør Barneombodet» på skuleområdet

«Spør Barneombodet» har blitt ei viktig teneste hos oss, og er høgt prioritert. Vi har ei turnusordning, slik at alle fagrådgjevarane og kommunikasjonsavdelinga svarer på omgang. I 2017 fekk vi 1564 spørsmål frå barn på nett, og alle fekk svar frå oss, helst same dag eller dagen etter. I år fekk vi også eitt spørsmål på samisk på Spør Barneombodet, og den som skrev inn fekk svar tilbake på samisk dagen etter. Spørsmålet var om skolemiljø. Som det går fram av tabellen, får vi veldig mange spørsmål om skule og mobbing. Av naturlege årsaker får vi ikkje spørsmål om barnehage frå barn. Mange av spørsmåla på Spør Barneombudet og på epost inn handlar om komplekse sakar der mobbing er eit av fleire tema som blir tekne opp.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

<b>Stikkord</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Familie	193	111	223	220
Rettigheiter	147	115	166	165
Foreldre som ikkje bur saman	73	72	86	55
Kven bestemmer?	57	76	136	112
Skule	292	287	414	394
Mobbing	96	104	105	106
Flytte heimefrå	49	26	25	35
Økonomi og pengar	49	67	61	45
Venner/kjærestar	50	60	64	87
Psykisk og fysisk helse	65	123	181	185
Privatliv	61	21	34	33

Samvær	49	18	13	11
Vald	62	41	72	52
Mobil, internett og sosiale media	73	172	273	212
Bli høyrt	56	56	40	60
Barnevern	73	121	94	152
Følelsar	35	44	115	87
Aldersgrenser (ny 2016)			198	199
Asyl (ny 2016)			8	3
Barneombodet (ny 2016)			1	11
Diskriminering (ny 2016)			5	5
Fritid (ny 2016)			11	28
Fosterheim (ny 2016)			17	32
Religion (ny 2017)				3
Rus (ny 2017)				11
Tieplikt (ny 2017)				12
	<b>1480</b>	<b>1514</b>	<b>2325*</b>	<b>2315*</b>
			<b>1711</b>	<b>1564</b>

\* I 2016 opna vi for at eit spørsmål kan merkast med fleire kategoriar, noko som gjer at tala framover ikkje er samanliknbare med åra før 2016.

## Medieoppslag

I 2017 vart Barneombodet omtalt i totalt 1301 mediesaker, 1301 på bokmål og 90 på nynorsk. Som det går fram av tabellen, hadde vi flest treff på skule, mange på mobbing og spesialundervisning i 2017.

Medieoppslag fordelt på nokre utvalde søkeord:

Tema	2015	2016	2017
Barneombodet mobbing	502	497	348
Barneombodet vald	299	227	198
Barneombodet skulehelsetenesta	95	49	25
Barneombodet og asylsøkjrarar	145	234	161
Barneombodet skule	386	497	427
Barneombodet delt bustad	101	71	30
Barneombodet spesialundervisning			134
Barneombodet Grefsnederklæringen			14
Barneombodet FN rapport			73

I 2017 skreiv vi fleire kronikkar og blogginnlegg om spesialundervisning, skolemiljø, barnehagemiljø og ny opplæringslov. Dette førde til fleire førespurnader inn til kontoret.

## Notat til Stortinget

Barneombodet publiserer alle notat som blir levert til komiteane på Stortinget i samband med blant anna munnlege høyringer. Vi gav følgjande notat frå oss på barnehage- og skuleområdet i 2017:

- Notat til Stortinget om Prop. 57 L - forslag til nytt kapittel 9A - psykososialt skolemiljø - opplæringslova
- Barneombodets innspel til Meld. St. 21 (2016-2017): Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen
- Innspel til Kommunal- og forvaltningskomiteen – statsbudsjettet 2018
- Innspel til utdannings- og forskingskomiteen – statsbudsjett 2018
- Notat til Stortinget med anbefalingar til betre spesialundervisning
- Notat til utdannings- og forskingskomiteen - Barneombodets innspel til arbeidet mot mobbing
- Notat til utdannings- og forskingskomiteen - Barneombodets innspel på barnehageområdet

## Høyringsfråsegn

Barneombodet produserer kvart år ein rekke høyringsfråsegn. Her er oversikt over dei som har blitt sendt om skule og barnehage i 2017:

- NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming
- Høyringsfråsegn - endringar av Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar.
- Høringssvar - forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringen som skal erstatte gjeldende generell del og prinsipper for opplæringen
- Høringssvar - undervisningsvurdering i videregående opplæring
- Høringssvar - innføring av forbud mot bruk av plagg som helt eller delvis dekker ansiktet i barnehager og utdanningsinstitusjoner
- Høyringsfråsegn - Nasjonale retningslinjer for lektorutdanning for trinn 8-13
- Høyringsfråsegn - intensiv opplæring og fleirfagleg samarbeid
- Høyringsfråsegn - Nasjonale retningslinjer for treårig faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag
- Høyringsfråsegn - Nasjonale retningslinjer for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag
- Høringssvar - bemanningsnorm, skjerpet pedagognorm og overgangen fra barnehage
- Høyringsfråsegn om krav til dugleik i norsk og tilbod om alternativ og supplerande kommunikasjon i barnehagar

## Arbeid med rett til utdanning i 2017

Som tidlegare, spelte vi inn mål for verksemda i 2017 til BLD i mai 2016. Eit av måla er alltid om psykososialt barnehage- og skolemiljø.

Vi har tilsett to nye medarbeidarar i 2017 for å kunne arbeide meir aktivt med barnehage- og skolemiljø, etter at vi har fått ein auke i midlar frå KD. Vi er nøgde med arbeidet vårt i 2017.

Vi meiner at vi er eit langt skritt nærmare å få til ein heimel i barnehagelova om godt barnehagemiljø, vi har fått Udir til å ta inn igjen spørsmål om fysiske krenkingar frå vaksne i Elevundersøkinga. Vi har også fått Stortinget med på at oppreisningsordningar for elevar som har vore utsette for mobbing, må komme inn i opplæringslova.

Stortinget vedtok også at regjeringa må sikre at alle elevar med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersonar med relevant utdanning. Utdanningsdirektoratet har også vedtatt at det skal førast felles nasjonalt tilsyn på spesialundervisning.

Vår siste rapport om seksuelle krenkingar mot ungdom viste seg å bli ein rapport der skule var sentralt. Ungdommane var opptekne av korleis skulene kunne arbeide mot seksuelle krenkingar, og vi kjem difor med mange anbefalingar retta mot skoleverket.

Gjennom heile året har Barneombodet arbeidd med skule og barnehage på fire måtar:

### 1. Rettleiing i enkeltsaker

Vi har gitt **rettleiing i enkeltsaker** om psykososialt barnehage- og skolemiljø. Dette arbeidet har vorte utvida i 2017. Vi gir no meir inngåande rettleiing til foreldre, inviterer til møter hos oss og bidrar meir enn vi gjorde tidlegare.

Vi har også fått ei juridisk utgreiing om korleis vi kan ta sakar opp til handsaming. Vi har utarbeidd eit policydokument for handsaming av enkeltsaker.

### 2. Påverkingsarbeid

Vi har arbeidd med **politisk påverknad**. Vi har mellom anna:

- jobba med oppfølging av rapporten «Uten mål og mening?» Rapporten har eigne anbefalingar om psykososialt skolemiljø, og det er ein heilt klar samanheng mellom korleis barna trives på skulen og deira læringsituasjon. Vi har brukt mykje tid på oppfølging av anbefalingane i rapporten i 2017.
- vore med i referansegruppa og gitt innspel til ekspertgruppa som har sett nærmere på spesialundervisninga og elevar med særskilte behov
- jobba med påverke slik at nytt kapittel 9A om skolemiljø skulle bli betre for elevane. Vi deltok i høyringa på Stortinget om nytt kapittel 9A om skolemiljø..
- arbeidd politisk for å få ein heimel om psykososialt barnehagemiljø inn i barnehagelova, mellom anna i forbindelse med statsbudsjettet, innspel til utdannings- og forskingskomiteen og kronikker i media.
- møtt opplæringslovutvalet og gitt innspel til utvalet om involvering av barn og unge og barnekonsekvensvurderingar.

### 3. Overvaking av om elevane sine rettar vart oppfylt.

Vi følgjer med på **systemet** som skal ivareta barn sin rett til eit godt psykososialt skulemiljø. Etter lovendringa 1.8.2017 i Opplæringslova kapittel 9a har fylkesmennene fått ei heilt ny rolle. Fleire organisasjonar og privatpersonar har teke kontakt med oss for å dele erfaringar med handsamingsordninga. Vi har i nokre saker sett at sakshandsaminga ikkje har vore i samsvar med føringane om at ordninga skal vere «enklare, raskare og tryggare». Vi har difor i nokre få sakar teke kontakt med fylkesmannen eller Utdanningsdirektoratet på vegne av foreldre og elevane om ei sak.

Vi har derfor kravd innsyn i alle fylka sine saker om kapittel 9A etter lovendringa. Vi førebudde kravet om innsyn i 2017, og sende det 2.1.18. Vi er nå i gang med å gå gjennom alle sakene.

Vi følgjer også med på rettsakar om mobbing og rettsutviklinga.

### 4. Informasjon og foredrag

Det er stor etterspurnad om foredrag om særleg skolemiljø, barnekonvensjonen og spesialundervisning. Vi har halde 38 foredrag for ei rekke fylkesmenn, universitet og høgskolar og andre. Foredraga handla om korleis ein skal forstå endringane i opplæringslova, og kva for ansvar dei ulike aktørane har for å implementere barnekonvensjonen i sakshandsaminga si. Dei handla også om rapporten vår om spesialundervisning.

## Særleg om «Utan mål og mening?» Barn med rett til spesialundervisning i grunnskolen

Barneombodet avslutta i 2017 prosjektet om barn med funksjonshemmingar med rapporten «Utan mål og mening?» Barn med rett til spesialundervisning i grunnskolen. I prosjektet snakka vi med 25 elevar frå sju forskjellige fylke om deira spesialundervisning og psykososiale skolemiljø. Vi møtte også ulike organisasjonar som representerer barn med ulike funksjonshemmingar og deira foreldre. I tillegg fekk vi innsyn i 68 klager på spesialundervisning hos Fylkesmennene, fordelt på fire fylke. Vi lanserte rapporten til myndighetene 6.3.17.

Ut frå materialet vi samla inn, konkluderer vi med at elevar som mottar spesialundervisning ikkje får forsvarleg utbytte av opplæringa, at dei har dårligare psykososialt skolemiljø og at dei verken blir høyrde eller får medverke i opplæringa si. Me kjem med ei rekke anbefalingar til myndighetene. Desse blir no tatt på alvor. Ei ekspertgruppe er blant anna sett ned for å gå gjennom spesialundervisninga på nytt, og det har kome fleire representantforslag på Stortinget bygde på våre anbefalingar. Vi er i dialog med både Fylkesmenn, Utdanningsdirektoratet og andre i oppfølginga av rapporten.